

Rindal i Saksumdalen (gnr. 105)

- Rindal: Gardnamn av same opphav som Rindal i Vingrom: elvenamnet Rind, Rinna, dativ: Riin. I skrift har Rindal i Saksumdalen og vore kalla "Rindal Lille". Under dette Rindal har ein og gardnamnet: Romeriket eller Rikje.
- Romerrike: Namn som kan fortelja at her budde det i si tid innflytte folk frå Romerike.
- Rikje: er i bygdemålet dativforma av riket og blir uttala med sterkt tonetrykk på e, Rikje.

Også Rindal i Saksumdalen er sikkert ein gamal gard, men i skrivne kjelder finn vi dette Rindal først omhandla i 1610, og brukaren der heitte Golich. Han er ført i gruppa for "Ødegaardsmend" og betalde 1 dalar i skatt som t.d. grannane Hanns Ulleland og Oluff Setter. Men just i denne tid vart det og brukarskifte på garden, og i 1611 finn ein Oluff Rindall ført i gruppa for ødegårdsmenn i Saksumdalen. Fire år seinare er det i 1615 fortalt at Oluff Rindal var bygslar og brukte krongods til ei ½ hud, og i 1621 er Oluff Rindall ført under "Leiglendinge bønnder" på "Ødegaarder" som den første på lista. Året etter er elles landskylda endra til 3 skinn 9 merker fisk, så det var altså vorte kjent til topps at Oluf årvisst kunne skaffe god fisk.

Men ein mannsalder seinare var det i 1645 Svend Rindall som var oppsittar på Rindal i Saksumdalen. Han var og gift; for da Svend betalte den ekstra "Kopskatten 1645" var det både for seg sjølv og kona si med tilsm. 18 skilling, som t.d. for Amund Roeland.

Dette var i dei langdruge krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein annan ekstraskatt "Kvegskatten 1657", så kalla fordi skatten da vart utrekna etter krøtertalet på gardom. Der er det så vidare fortalt at krøterhaldet på Rindal i den tid var: 2 hopper, 9 naut og 9 sauer, men dette var i eit brukarskifte, så det er uvisst kven som da var brukar på Rindal.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Rindal av skyld ½ hud 9 merker fisk vidare fortalt at garden framleis tilhørde "Kongen alene", og bygslaren og brukaren er her kalla Lauridtz, men vart blant bygdefolket visstnok kalla Laurs eller Lars. Om garden Rindal og gardsbruket der er det elles i matrikkelen av 1668 oppgitt at "Engen er Ringe, Skoug till gaards Brug, Suesetter til Sommerbeed". Buskapen av store husdyr var da: 2 hestar og 10 naut, og korntianda vart ut Reid med 1½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner.

Ti år seinare var det i 1678 framleis Lauridz som var bygslar og brukar på Rindal. Men av eit dødsbuskifte på "Rindal lille i Faaberg" den 11. juni 1695 går det fram at det da også budde ein anna huslyd på garden. Den døde der var nemleg Alf Svendsen, og kona hans heitte Dorte Siversdtr. Dei hadde eitt barn, nemleg dottera Marit, og arvebuet ved skiftet utgjorde 36 rd., så noko jordegods var truleg ikkje medrekna i arvebuet.

Meir om ætta på Rindal i Saksumdalen i den tid fortel eit skjøte av 1722, som etter utskrift av panteboka har denne ordlyden:

"Rindal.

Skjøte dat. 14. april 1722 tgl. 12. juni s.å.

Fra Vincent, Joen, Ole og Niels Svendsønner og Ole Olsen Li på sin hustru Ingebor Svendsdatters vegne til deres eldste bror Lars Svendsen Rindal på deres tilfaldende arveparter

jordegods i hans påboende gård Rindal, beliggende i Saxumdalen til Faaberg prestegjeld (½ hud og 9 merker fisk) iberegnet Lars Svendsens lod”.

Den nye husbondan Lars Svendsen f. 1683 var elles gift med Ane Bertelsdtr. f. 1685, og dei hadde i sitt ekteskap 5 born. Dei var:

a. Svend f. 1717, b. Ole f. 1721, c. Kari f. 1723, d. Beret f. 1728, e. Johanne f. 1733.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Rindal av skyld 6 skinn 9 mrk. fisk oppgitt at garden ligg i sollia, men er tungbrukt, jordarten var derimot god, ”dog noget vaadlent”. Buskapen hadde auka og var da: 2 hestar, 1 føl, 10 naut, 8 sauer og 5 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 3½ tønne bygg. Det er opplyst at Svesetra hadde god hamn, og at det var skog nok til brenneved og gjerdefang. Det går vidare fram at det til Rindal dessutan hørde 1 husmannsplass med brukande jord.

Ein bror av husbonden Lars Svendsen, nemleg Goen Svendsen, hadde visstnok levd på Rindal ugift, men i 1752 var Goen Svendsen død, og det var atter arveskifte på ”Rindal i Faaberg”. Ved dette skiftet merker ein seg at arvebuet utgjorde brutto 193 rd., og netto 148 rd., og at 3 av søskena av avdøde enda var i live. Dei var: a. Broren Lars Svendsen, som framleis var brukar på Rindal, b. Vincent, c. søstera Inge Svendsdtr., som var enke etter Ole Olsen Dahl. Dessutan er det opplyst at broren Jon Svendsen, som hadde vore gift til Hammershaug, da var død, men at han hadde 4 born som var i live, nemleg: 1. Johannes 22 år, 2. Svend 16 år, 3. Marit 14 år, 4. Kari 7 år.

Men året etter døde i 1753 også husbonden Lars Svendsen, og så var det atter arveskifte på ”Rindal i Faaberg”. Ved dette skiftet vart ”Jordegodset her i Rindal” verdsett til 220 rd., og arvebuet utgjorde brutto 517 rd. og netto 404 rd., så det var nærast velstand på Rindal i dei tider. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Bertelsdtr. dei før nemnde 5 borna, som framleis alle var i live. Det er elles opplyst at dottera Kari Larsdtr. da var gift med Jacob Qval.

Så å seia samtidig med skiftet fekk så eldste sonen Svend Larsen skjøte på odelsgarden Rindal for sum 220 rd. dette skjøtet, som elles inneheld fleire detaljerte opplysningar, er etter utskrift av panteboka sålydande:

”Rindal.

Skjøte dat. 7. septbr. 1753 tgl. 5. oktober s.å.

Arvinger efter avdøde Lars Svendsen og endnu levende Anne Bertelsdtr. Rindal selger deres ved skifte efter deres foreldre d. 16. april 1753 tilfaldne jordegods i gården Rindal i Saxumsdalen til Faaberg prestegjeld, til deres eldste bror Svend Larsen, nemlig Ole Larsen 2¼ skind for 55 rd., Johannes Larsen 2¼ skind for 55 rd., Jacob Qval for sin hustru Kari Larsdtr. 1 1/8 skind for 27 rd. 2 ort, og Beret Larsdtr. 1 1/8 skind for 27 rd. 2 ort, tils. som selges 6¾ skind med bøxel for 165 rd. Da Svend Larsen selv har arvet 2¼ skind for 5 rd. så er han nu som odelsmann ene eiende gården Rindal skyldende ½ hud 9 merker fisk er 9 skind for 220 rd.

Svend Larsen f. 1717, som da tok over som eigar og brukar av Rindal, gifta seg i 1753 med Ingeborg Olsdtr. Snaghol, og dei fekk i sitt samliv 7 born. Dei var:

a. Anne f. 1754, b. Lars f. 1758, c. Ingeborg f. 1761, d. Christi f. 1764, e. Sønnøv f. 1767, f. Kari f. 1771, død same året, g. Ole f. 1772.

Av år 1759 er ei sak som tydeleg fortel at i den tid budde det fleire familiar på og/eller ved Rindal. Saka er elles av tingboka referert slik:

Faaberg 5. okt. 1759.

Husmanden Christen Wintsensen har innstevnt Tosten Rindal fordi han med hugg og slag og ærerørige ord har angrepet citanten.

Innstevnte forelegges lavsdag til neste ting.

Faaberg 16. febr. 1760.

Da der må to ensstemmende vidneprov til å bevise en sak og sådant i denne sak mangler, avsiges for rett at Torger Rindal bør for citantens tiltale i denne sak fri at være”.

Husbonden Svend Larsen Rindal f. 1717 døde i 1776, og enka Ingeborg Olsdr. gifta seg da oppatt med Erik Jonsen Kampen f. 1730. Same året vart elles garden selt til Erik Jonsen for 460 rd. Det er elles opplyst at Iver Rindal da var verge for myndlingen Anne Olsdr. Erik Jonsen brukte så Rindal til i 1785, da han skjøta garden over til odelsarvingen Lars Svendsen f. 1758. Kjøpesummen for garden var da framleis 460 rd., men dertil kom så føderåd til stefaren Erik Jonsen og mora Ingeborg Olsdr.

Odelsarvingen Lars Svendsen , som dermed tok over som eigar og brukar av Rindal, gifta seg i 1799 med Sigrid Larsdr. Ormerud, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var:

- a. Ingeborg f. 1800, g. 1820 med Ole Pedersen Ulland,
- b. Lars f. 1803,
- c. Kirsti f. 1805, g. 1828 med Jens Bentsen Hovland,
- d. Simen f. 1809,
- e. Johanne f. 1812,
- f. Johan f. 1813, g. 1865 med enka Oline Olsdr. v. Syverud.

Odelsarvingen Lars Svendsen f. 1758 hadde elles i første omgang farsgarden Rindal berre til i 1793, da han gav skjøte til Christen Evensen for kjøpesum 999 rd. + føderåd til Lars Svendsen. Frå Christen Evensen si brukartid er elles ei merkeleg sak som etter utskrift i tingboka er bokført slik:

Faaberg 18. juni 1796.

Hr. Samuel Acheleie (på Bjerke) har innstevnt Christen Rindal fordi han på ulovlig måte har tillokke sig citantens tjenestedreng Niels Sørlien og antatt ham i sin tjeneste.

Innstevnte møtte ikke. Gives laugdag til neste ting.

Faaberg 10. okt. 1796

Saken ble erklært forlikt og opphevet.

År 1801 kom påbødet om folketelling og det budde da 4 familiar på og/eller ved Rindal. Dei 4 familieane var:

1. familie:
 1. Christen Evensen, husbonden, 52 år
 2. Berit Olsdr., kona hans, 57 år
 3. Even Christensen, son deres, 21 år
 4. Ole Christensen, son deres, 18 år
 5. Peder Christensen, son deres, 24 år
 6. Ingeborg Christensdr., 14 år
 7. Anne Jacobsdr., tenestkvinne, 50 år

- 8. Kari Johansdtr. tenestkvinne, 36 år
- 2. familie:
 - 1. føderådsmann Erich Jonsen, 70 år
 - 2. Ingeborg Olsdtr, kona hans, 67 år
- 3. familie:
 - 1. Lars Svendsen, husmann med jord, 44 år
 - 2. Sigrid Larsdtr., kona hans, 23 år
 - 3. Ingeborg Larsdtr., dotter deres, 20 år
 - 4. Berit Olsdtr., ei dotterdotter, 9 år

Same året som folketellinga, altså i 1801, gav elles Christen Evensen skjøte tilbake til odelsmannen Lars Svendsen på Rindal for kjøpesum 1199 rd.

Lars Svendsen f. 1758 var framleis eigar og brukar av Rindal i 1805. Han lånte da 799 rd. av Tosten Thomesen Jørstad mot årleg lovleg rente og 1. pr. pant i "Rindal i Saxumsdalen" med påståande hus, åker og engeland samt tilliggende herligheter. Etter det brukte så Lars Svendsen garden Rindal vidare til i 1813, da han gav forpaktningkontrakt til Ole Larsen Ormerud.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Rindal i Dalen" opplyst at buskapan av store husdyr i den tid var 3 hestar og 18 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 48 tønner. Vidare er det oppgitt at Rindal i den tid hadde 3 husmannsplassar.

Husbonden Lars Svendsen brukte så Rindal vidare til han døde i 1823, og det var da atter arveskifte på "Rindal i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Rindal, framleis av skyld $\frac{1}{2}$ hud 9 mrk fisk, verdsett til 850 rd., og heile arvebuet utgjorde brutto 1485 rd., og netto 1407, så det var framleis velstand på Rindal. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sigrid Larsdtr. 6 av borna, som visstnok alle var tilstades. Dei var:
a. Lars, som da var 20 år, b. Simen, som var $14\frac{1}{2}$ år, c. Johan, 10 år, d. Ingeborg, som var gift med Ole Ulland, e. Kjerstie, $17\frac{1}{2}$ år, f. Johanne, $2\frac{1}{2}$ år.

Enka Sigrid Larsdtr. gifta seg i 1824 oppatt med Peder Hansen Forset. Men 1. november året etter hendte så den store ulykka for ætta at odelsarvingen Lars Larsen f. 1803 drukna, og han var da altså 21 år.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskyld i huder og skinn, smør og fisk skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Der vart så "Rinddal lille" ført under 2 løpenummer, nemleg:

- a. løpenr. 30 a Rinddal i Saksumdalen, da av ny skyld 5 skylddalar 4 ort 7 skilling, som Sigurd Larsen f. 1809 da hadde tatt over.
- b. løpenr. 30 b Romerike av skyld 4 ort 21 skilling, som Ole Larsen hadde overtatt.

Simen Larsen f. 1809, som da hadde tatt over som eigar og brukar av Rindal, gifta seg i 1833 med Marte Amundsdr. Hovland f. 1811, og dei fekk desse borna:

- a. Lise f. 1834, gift 1863 med Amund Amundsen Hovland
- b. Eli f. 1835, gift 1866 med Matias Pedersen Stubrud f. 1835.
- c. Lars f. 1838
- d. Amund f. 1846
- e. Rønnaug f. 1847
- f. Simen f. 1850
- g. Tvilling Johanne f. 1850, gift 1876 med Amund G. Melbø f. 1846

h. Berte f. 1857, gift 1891 med Svein Kristiansen Rise, Nygaard

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det vidare om løpenr. 30 a oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på "Lille-Rindal" i den tid utgjorde 408 mål, og av dette var 78 mål jord av 1. klasse; sameleis er det under løpenr. 30 b Romerike oppgitt at dei tilsvarande areal der i den tid var: 94 mål og 18 mål. Dessutan er det oppgitt og at buskapen på Rindal i den tid var: 4 hestar, 20 storfe og 30 småfe, og at den årlege utsæd av korn var kring 10 tønner og av poteter ca. 6 tønner. Samtidig var dei tilsvarande tal for løpenr. 30 b Romerike: 1 hest, 10 storfe og 16 småfe, og utsæden:

3½ tønne korn og 2 tønner poteter. Eigar og brukar av Rindal i den tid var framleis Simen Larsen f. 1809. I Lars Simensen si brukartid vart elles i 1874 eit skogstykk fråskilt garden og selt til Matias Gustum og Jacob Woxen for kjøpesum kr 1.800,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld uttrykt i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Rindal Lille fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 105 av samla skyld 13,98 mark, og det var da vorte 3 bruksnummer under gardsnr. 105 Rindal lille. Dei 3 bruksnummer var: Grn. 105 brn. 1 Rindal Lille av skyld 11,42 mark, der Lars Simensen framleis var eigar og brukar.

Grn. 105 brn. 2 Romerike av skyld 2,17 mark med Johan Arnesen som eigar og brukar

Grn. 105 brn. 3 Skog av skyld 0,39 mark, som framleis tilhørde Matias Gustum og Jacob Woxen.

Lars Simensen, som i 1886 var eigar og brukar av gnr. 105 brn. 1, hadde i 1865 gifta seg med Oline Johansdr. Romerike, og dei fekk 8 born:

a. Iver f. 1866, b. Svend f. 1871, gift 1894 med Marie Matiasdr. v. Lium, c. Marte f. 1873, død 1875, d. Johan f. 1876, død 1879, e. Mathias f. 1878, f. Johan f. 1881, g. Isak f. 1883, død 1889, h. Ida f. 1891, død same året.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at grn. 105 brn. 1 Rindal Lille var overtatt av Svend og Mathias Larssøner; brn. 2 Romerike eller Rikje hadde Iver Larsen Rindal tilhandla seg; vidare hadde da Gustumskogenes Interessentskab overtatt grn. 105 brn. 3 Skog av skyld 0,39 mark, og Mathias Rindal hadde dessutan kjøpt grn. 105 brn. 4 Rindal av skyld 4,50 mark. Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 seks personar med røysterett på og/eller ved grn. 105 Rindal.

Dei 6 personane var:

1. gardbrukar Mathias L. Rindal, 29 år,
2. gardbrukar Svein L. Rindal, Voldbakken, 36 år
3. husmor Maria Mathiasdr., Vodlbakken, 34 år
4. husmann Kristian Rønningen, Rindal, 83 år
5. gardbrukar Iver L. Rindal, Romerike, 41 år
6. husmor Karen Olsdr., kona hans, 34 år

Av handlar i seinare tid med grn. 105 Rindal eller parsellar av garden merker ein seg elles at i 1909 kjøpte så Fåberg kommune grn. 105 brn. 6 Heimlia av skyld 2,63 mark, og samtidig overtok Mathias Rindal brn. 7 Rindal Lille av skyld 0,17 mark, Isak S. Rindal kjøpte i 1916 brn. 8 Rønningen av skyld 0,40 mark, og brn. 9 Voldbakken av skyld 0,45 mark vart overtatt av Ole J. Rindal. Martin Hattestad kjøpte brn. 10 Haugen av skyld 0,04 mark, og Johs. Sviloson tilhandla seg i 1937 grn. 105 brn. 11 Rinnvoll.

Når det gjeld handlar med grn. 105 Rindal i nyare tid er elles 1914 eit merkeår med di Ole Rindal da overtok grn. 105 brn. 2 Rikje etter foreldra Iver Rindal og Karen f. Melbø, og just same året kjøpte Jon Stubberud f. Engeland gnr. 105 brn. 1 Rindal.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det etter dette 4 bruksnummer under gardsnummer 105 Rindal med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 4 bruk var:

- a. Grn. 105 brn. 1 og 7 Rindal lille med eit jordbruksareal på ca. 200 mål, som Jon M. Stubberud var framleis eigar av.
- b. Grn. 105 brn. 2 Rikje, jordbruksareal ca 80 mål, som Ole Rindal framleis var eigar og brukar av.
- c. Grn. 105 brn. 8 Rindalsrønningen, jordbruksareal ca. 20 mål, eigar og brukar Sverre Rindal.
- d. Grn. 105 brn. 5 Voldbakken med eit jordbruksareal på ca. 20 mål, som Lars Rindal var eigar og brukar av

Ole Rindal, som var eigar og brukar av grn. 105 brn. 2 og 9 Rikje med Uggebakken seter i tidsromet 1914-1952, har dessutan gitt desse interessante opplysningane om garden Rikje:

1. ”Rikje har nu ca. 63 mål dyrket jord, 48 mål hamnehage og 15 mål sæterløkke. Skog i alt 715 mål, derav 611 mål produktiv skog. Det er ikke frasolgt skog, men derimot er det attåtkjøpt ca. 150 mål, det er det forannevnte brn. 9. Sætra er erholdt ved kontrakt av 1822. Den blev skylddelt, tinglest 1891. Det blev da satt namnet ”Uggebakken” på sætra. Jeg, Ole Rindal, fikk først skjøte på sætra tinglest ved hevdsdom av 23/7.1921.
4. Garden ligger i nordre Saksumdal 400 m. over havet.
5. I Ole Rindals brukstid blev det bygt om nesten alle hus. Det blev bygt ny låve og stall i 1921, nytt fjøs i 1938, og redskapshus og stall i 1914. Føderådsbygningen blev flyttet og oppsatt i 1911 og restaurert og ominnredet i 1955. Et tømret stabbur er etter forrige generasjoner. Hovedbygningen er nok over 100 år gammel, men tømmerveggene er gode; det blev gravet under og støpt kjeller og helt ominnredet i 1947.
6. Det er tilstede her en velbevart jernbeslått kiste, som er 1,25 m lang, 70 cm bred og 60 cm høi. Det er innstemplet i låsbeslaget: Anne Nils Datter anno 1723. Og så er det ei stueklokke som går enda; den er merket: Lars Baardseng i Faaberg nr. 16.
8. Garden har ikke vore på handel idet den har gått i arv siden den blev opprettet som gardsbruk.
9. Fra 1914 hadde Ole Rindal garden til 1952. Ole Rindal blev gift med Anna Lien i 1922, men da de ikke hadde barn, blev gården levert til Ole Rindals søstersønn Ivar Rønning, som nu har gården. Hans foreldre er Ingeborg f. Rindal og Ottar Rønning, fra V. Gausdal.
13. I 1960 var det dyrka bygg på 20 mål, poteter på 4 mål, 12 mål heime og 12 mål på sætra vart høsta som høi og 27 mål som grassilo. Skifting til meir moderne redskap tok til i 1956, og av den gamle redskapen er det svært lite i bruk nu, av motorkjøretøier er det traktor, som blev kjøpt i 1956.
14. Buskapen i 1960 var: 1 hest, 8 kuer, 13 ungnaut, 2 grispurker, ca. 30 smågris og 20 høner. Avdrotten av sæterbruket i 2 måneder i 1960 var 1970 kg mjølk til i alt kr 1.240,-.
15. I 1900 var drifta mye svakere enn nu. Det var ikke brukt kunstgjødsel den gang

og så var det mindre dyrka jord, men så var det høsta mer skrapslått og delvis høsta høi i fjellet, i allfall til i 1906. Det er dyrka ny jord siden den gang, blant annet 9 mål de siste 10 år.

Her hadde man ku og gjeit og en del sau, men det vart produsert mest til eget bruk. Det meste av kontantinntektene var i skogen med skogskjøring. Man måtte nok ha flere på gårdene for å få gjort alt arbeid, og her var ingen husmann.

Anna og Ole Ridnal har vore føderådsfolk fra 1953”.

Tala ved dei einkilde avsnitt her ovanfor viser til tilsvarande spørsmål på dei utsendte spørjeskjema.

A. H.